



Statens namnekonsulentar på Vestlandet  
Nordisk institutt UiB  
Sydnesplassen 7  
5007 Bergen

Mottok 30. juni 2006  
Jnr. 2006 204  
Arkivnr. 321-12-61

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:  
200604148-1/139/PHAU

Bergen, 21. juni 2006

## Nytt navn på Arna gymnas og Garnes vidaregåande skule

Fylkestinget godkjente i møte 14. mars 2006 samanslåing av Arna gymnas og Garnes vidaregåande skule til ein skule frå 1. august 2006. Den nye skolen treng namn. I det vidare arbeidet med skolen vil det vere ein føremon at skolen får nytt navn så snart som mogleg.

Opplæringsdirektøren har fått inn tre framlegg til namn frå dei to skolane:


Framlegg frå Garnes vidaregåande skule:


1. Garnes vidaregåande skule
2. Hambro vidaregåande skule

Framlegg frå Arna gymnas:

1. Arna vidaregåande skule

Vi ber om at De gjev uttale til namneforslaga og sender saka til høyring i Bergen kommune.

  
Svein-Erik Fjeld

  
Inger Øvsthus Tønder

Vedlegg. Framlegg frå Garnes vidaregåande skule  
Framlegg frå Arna gymna



Garnes, 26.06.2006.

Hordaland fylkeskommune,  
Opplæringsavdelinga,  
5020 Bergen.

### FRAMLEGG TIL NAMN PÅ DEN SAMANSLÅTTE SKULEN I ARNA.

Frå Garnes vidaregåande skule kjem vi med to framlegg til namn på den samanslåtte skulen mellom Arna gymnas og Garnes vidaregåande skule.

Alternativ 1: **Garnes vidaregåande skole**

Alternativ 2: **Hambro vidaregåande skole**

Sjå følgjande grunngjeving:

Alternativ 1:

**Garnes vidaregåande skole**

Det er tradisjon for at skular har namn etter geografisk plassering. Sjølve skulebygningane er reist på tomter som tilhørde to av gardane på Garnes.

Begge skulane har postadresse Garnes og kommunikasjonpunkta er også nemnd "Garnes" på dei busstoppa som vi brukar.

Garnes er ein historisk skulestad der Christian Hambro starta folkehøgskule i 1887. Både Arna gymnas og Garnes vidaregåande skule er historisk knytte til dette utgangspunktet på ulikt vis. Arna gymnas har sine røter i den framhaldsskulen/mellomskulen (1935) som starta i hambroskulen sine tidlegare lokalar, "Hambrosalen", og Garnes vidaregåande skule kan vise til same stad då Bertha Garnes som starta denne skulen (1888) leigde hus i Hambro sin privatheim frå 1900 til 1905.

Den eldste av dei to samanslåtte skulane, Garnes vidaregåande skule, har i alle åra frå 1888 til 1994 hatt tre kvinnelege rektorar som alle kom frå garden Garnes, der Hambro starta folkehøgskulen sin i 1887.

Grunnleggjaren Bertha Garnæs var styrar ved "Bertha Garnæs' Haandgjerningsskole" frå 1888 til 1927 då niesa Anna Garnæs, som hadde vore lærar ved skulen frå 1901, tok over som styrar ved "Garnes Handarbeidsskule". Anna Garnæs slutta skulegjerninga 01. 01. 1950.

Frå 1950 var niesa til Anna Garnæs, Aslaug Garnes Johnsen, rektor ved skulen. Namnet på skulen var "Garnes husflidskule" fram til 1988 då skulen i samband med hundreårsfeiringa fekk namnet "Garnes vidaregåande skule". Aslaug Garnes Johnsen var rektor fram til ho gjekk av med pensjon i 1994, nær 70 år.

Desse tre flotte kvinnene har gjort meir for skulen på Garnes enn nokon andre.

Med **Garnes vidaregåande skole** vert den geografiske plasseringa tydeleggjort og dei historiske røttene tekne vare på.

Alternativ 2:

### **Hambro vidaregåande skole**

Her kan ein vise til den korte historikken ovanfor.  
Elles viser vi til: *Skulen i Arna*, Arna Sogelag 2003

Med helsing

Asbjørg Hesjedal  
rektor  
Garnes vidaregåande skule

I:\Felles\Framlegg til namn på den samanslåtte skulen.doc

## Per Haukeli

---

**Fra:** Eirik Fjørtoft  
**Sendt:** 26. juni 2006 13:28  
**Til:** Per Haukeli

Til Per Haukeli!

Fra Arna gymnas:  
Framlegg til navn på den nye samanslåtte skulen i Arna:

"Arna vidaregåande skule".

Venleg helsing  
Eirik Paul Fjørtoft  
Rektor